

# Prop. 26 L

(2010–2011)

## Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

### Endringar i mineralloven (innkrevjing av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr)

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 19. november 2010,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

#### **1 Proposisjonens hovudinhald**

Nærings- og handelsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 19. juni 2009 nr. 101 om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven). Forslaget er ei teknisk endring som er nødvendig for at Statens innkrevingsentral (SI) skal ha heimel til å foreta tvungen innkrevjing av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr (overtredelsesgebyr) etter mineralloven §§ 66 og 67, til fordel for staten.

#### **2 Bakgrunn for lovforslaget**

Mineralloven tok til å gjelde 1. januar 2010 saman med forskrift til lova. Mineralloven er ei moderne næringsretta lov med føresegnere som regulerer kommersiell leiting, undersøking og utvinning av alle mineralske ressursar bortsett frå olje, gass og vatn. Lova har erstatta fem til dels særskilte lover.

Etter mineralloven § 66 første ledd kan Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (Direktoratet for mineralforvaltning) treffe vedtak om tvangsmulkt for å sikre at føresegnene i lova eller vedtak i medhald av lova vert gjennomført. Mineralloven § 67 gir Direktoratet for mineralforvaltning heimel til å pålegge den som har brote føresegnere gitt i eller i medhald av

lova å betale eit pengebeløp til statskassen (lovbrotsgebyr).

I forskrift 23. desember 2009 nr. 1842 til mineralloven er det gitt føresegnere om utmåling av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr, saksbehandlingsreglar, klagerett, ettergiving av pålagt tvangsmulkt og lovbrotsgebyr og om inndriving av pålagt tvangsmulkt og lovbrotsgebyr.

Eit effektivt innkrevjingsapparat er avgjerande om ein skal nytte seg av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr. I tillegg vil meir effektiv innkrevjing bidra til å sikre ei betre etterleving av mineralloven. Dette vil og vere til fordel for dei seriøse aktørane i bransjen. Eit viktig omsyn med den nye mineralloven var å få på plass ei lov med like reglar for alle og sikre like konkurransevilkår i bransjen. Det er derfor viktig at dei som ikkje følgjer krava i lova, erfarer at styresmaktene med ein gong set makt bak krava.

Etter at mineralloven og forskrifta tok til å gjelde har Direktoratet for mineralforvaltning sett nærmare på korleis man mest mogleg effektivt kan følgje opp føresegnene, når det gjeld den praktiske oppfølginga etter at det er konstatert lovbro og fatta avgjerde om tvangsmulkt eller lovbrotsgebyr. I samråd med departementet har direktoratet kome fram til at den mest effektive måten å gjere dette på vil vere at SI står for sjølve innkrevjinga, både når det gjeld den frivillige og den tvungne inndrivinga av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr. Det er tatt inn føresegnere i forskrift til mineralloven

§ 6-6 som gir SI heimel til å stå for den frivillige inndrivinga av tvangsmulk og lovbrotsgebyr, jf. forskrift 23. juni 2010 nr. 963 om endring i forskrift til mineralloven. For at SI også skal kunne stå for den tvungne inndrivinga av tvangsmulk og lovbrotsgebyr, er dei avhengige av eksplisitt lovheimel i mineralloven.

### 3 Nærare om lovforslaget

Departementet foreslår å gi SI ei avgrensa særnamnsmyndighet til å krevje inn tvangsmulk og lovbrotsgebyr med tvang dersom ein ikkje når frem med frivillig innkrevjing av tvangsmulkta eller lovbrotsgebyret. Ved å effektivisere innkrevjinga, får ein best mogleg utnytting av offentlege ressursar. Forslaget inneber ikkje at Direktoratet for mineralforvaltning gir frå seg myndigkeit og overlet til SI å ta avgjerd om tvangsmulk eller lovbrotsgebyr skal påleggjast. Det vil framleis vere Direktoratet for mineralforvaltning som tek avgjerd om dette. Forskjellen blir at direktoratet, etter at det er fatta vedtak om å påleggje tvangsmulk eller lovbrotsgebyr, oversender kravet til SI som følgjer opp saka og tek ansvaret for at tvangsmulkta eller lovbrotsgebyret vert innbetalt til og tilfell staten. Det gjer at Direktoratet for mineralforvaltning ikkje treng å bruke ressursar på dette arbeidet, samstundes som det er grunn til å tru at innbetalinga av tvangsmulkta eller lovbrotsgebyret lettare vil bli gjort når det er SI som krev det inn. Direktoratet for mineralforvaltning vil då få frigjort ressursar som på ein betre måte kan nyttast til å gjennomføre direktoratets arbeidsoppgåver. SI på si side har røynsle med innkrevjing og har både ressursar, rutinar og organisering som er tilpassa oppgåva med å krevje inn tvangsmulk og lovbrotsgebyr.

Heimlane til å påleggja tvangsmulk eller lovbrotsgebyr finst i mineralloven §§ 66 og 67. Då forslaget til forskriftsføresegner om tvangsmulk og lovbrotsgebyr var på alminneleg høyring hausten 2009 kom det ingen merknader til føresegnerne. Sidan forslaget til lovendringar er ei rein teknisk endring og berre gjeld den praktiske gjennomføringa av sjølve innkrevjinga av tvangsmulk og lovbrotsgebyr, mens Direktoratet for mineralforvaltning framleis skal avgjere om det skal påleggjast tvangsmulk eller lovbrotsgebyr, har det etter departementet sitt syn ikkje vore behov for å sende forslaget på alminneleg høyring. Det er derfor ikkje gjort.

På denne bakgrunn foreslår departementet at det blir tatt inn føresegner i mineralloven §§ 66 og 67 som gir SI den nødvendige heimelen for å tvangsinnkrevje tvangsmulk og lovbrotsgebyr. Forslaget er utforma i tråd med føresegner av same art som er teke inn i fleire andre lover.

### 4 Administrative og økonomiske konsekvensar

Endringsforslaget vil ikkje få vesentlege administrative og økonomiske konsekvensar. Som nemnt over tilkjem pålagt tvangsmulk og lovbrotsgebyr statskassen. Ved at SI får ansvaret for inndrivinga vil ressursar i Direktoratet for mineralforvaltning bli frigjort, som direktoratet kan nytte på andre områder slik som tilsyn og kontroll med utvinning av mineralressursar. Direktoratet for mineralforvaltning har i dag ikkje kostnader i samband med SI sin hjelp med frivillig innkrevjing av tvangsmulk og lovbrotsgebyr, med unntak for namsgebyr der dette er nødvendig. Sjølv om Direktoratet for mineralforvaltning må betale SI for tenesta dei tilbyr ved tvangsinnkrevjing, vil ressursane direktoratet få frigjort veie opp for desse kostnadene. Det er også grunn til å tru at tvangsmulkta og lovbrotsgebyret vert gjort opp meir effektivt med SI som innkrevjar enn om direktoratet gjer det. For det offentlege elles vil ikkje forslaget føre med seg nemneverdige konsekvensar.

### 5 Merknader til de enkelte føresegnerne

#### Til § 66 nytt femte ledd

Føresegna slår fast at når SI er pålagt ansvaret for å krevje inn tvangsmulk som nemnd i mineralloven § 66, så har SI ei avgrensa særnamnsmyndigkeit på same måte som SI har etter ei rekkje føresegner av same art i lovverket elles. Ordlyden er utforma i tråd med korleis slike føresegner elles i lovverket lyder.

#### Til § 67 nytt fjerde ledd

Føresegna gir SI ei avgrensa særnamnsmyndigkeit ved innkrevjing av lovbrotsgebyr som er pålagt etter mineralloven § 67, tilsvarande det som gjeld for innkrevjing av tvangsmulk.

Nærings- og handelsdepartementet

til rår:

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i mineralloven (innkrevjing av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i mineralloven (innkrevjing av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til lov om endringar i mineralloven (inndriving av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr)**

#### I

I lov 19. juni 2009 nr. 101 om erverv og utvinning av mineralressurser blir det gjort følgjande endringar:

§ 66 nytt femte ledd skal lyde:

*Når Statens innkrevingsentral er pålagt å inndrive tvangsmulkt som nevnt i første ledd, kan den inndrive tvangsmulkt ved trekk i lønn og andre lignende yteler etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingscentralen kan også inndrive tvangsmulkt ved å stifte utleggspant for kravet dersom pantenheten får rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til en tredjeperson, jf. pan-*

*loven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på Innkrevingscentralens kontor etter tvangfullbrydelsesloven § 7-9 første ledd.*

Noverande § 66 femte ledd blir nytt sjette ledd.

§ 67 nytt fjerde ledd skal lyde:

*Ved inndrivelse av overtredelsesgebyr gjelder bestemmelsen i § 66 femte ledd tilsvarende.*

Noverande § 67 fjerde ledd blir nytt femte ledd.

#### II

Lova tek til å gjelde straks.

---



---

